

Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/17	Plan- og samfunnsutvalet	PS	19.09.2017
084/17	Bystyret	PS	03.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Heidi Dyrøy	ARP - 20130101, K2 - L12	13/159

Områderegulering - Knapstadmarka - planvedtak på del av plan som tidlegare har vore unnateke vedtak

Framlegg til vedtak:

Flora Bystyre godkjenner framlegg til del av Områdereguleringsplan - Knapstadmarka, som tidlegare har vore tatt ut av planen Planid: 20130101, i samsvar med PBL § 12-12, med føresegener datert 09.08.2017 og plankart datert 05.07.2017.

Plan- og samfunnsutvalet - 032/17

PSUV - handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PSUV - vedtak:

Flora Bystyre godkjenner framlegg til del av Områdereguleringsplan - Knapstadmarka, som tidlegare har vore tatt ut av planen Planid: 20130101, i samsvar med PBL § 12-12, med føresegener datert 09.08.2017 og plankart datert 05.07.2017.

Bystyret - 084/17

BYST - handsaming:

Repr.Hilmar Eliasson,Samlingslista ber bystyret vurdere hans habilitet. Bystyret vedtok samrøystes at Eliasson er habil.



FLORA KOMMUNE

Repr.Martin Malkenes,MDG sa seg ugild i denne saka (nabo og klager) - Malkenes samrøystes ugild.
Brage Nybø Waage,MDG møtte for Malkenes.

Repr.Bjørn Hollevik,H sa seg ugild då han er medeigar i Bunnpris som er klagar. - Hollevik
samrøystes ugild. (30 repr.)

Tilrådinga frå Plan og samfunnsutvalet vart samrøystes vedteken.

BYST - vedtak:

Flora Bystyre godkjenner framlegg til del av Områderegeringsplan - Knapstadmarka, som tidlegare har vore tatt ut av planen Planid: 20130101, i samsvar med PBL § 12-12, med føresegener datert 09.08.2017 og plankart datert 05.07.2017.



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

Innleiing:

Flora Bystyre vedtok i sak 058/15 områdereguleringsplan for Knapstadmarka, planid 20130101 med følgjande vedtak:

"Flora bystyre godkjenner framlegg til områdereguleringsplan, planid: 20130101, i samsvar med PBL § 12-12. Planframlegget og føresegner vert sist revidert den 15.05.2015.

Statens vegvesen har motsegn mot utforming av kryss mot Havrenesvegen. Området er vist på kart datert 26.05.2015. Kommunen tar kontakt med fylkesmannen for mekling når det gjeld den delen av planen som omfattar sjølve vegkrysset. Resten av planen blir rettsleg bindande i samsvar med PBL §12-13.

Garasje kan ligge under jorda."

Med bakgrunn i vedtaket vart Fylkesmannen i Sogn og Fjordane bede om å mekle for å få ei løysing også for kryssløysinga til Havrenesvegen. Det har vore gjennomført 3 meklingsrunder. Og som ei følgje av meklingane vart det og gjort ei ny trafikkvurdering av nytt T-kryss ved Knapstadmarka av Asplan Viak, datert 15.02.2017 I denne er det lagt til grunn at kapasiteten til barnehagen vert redusert frå 150 til 120 born.

Saka er handsama i den regionale fråviksnemnda og av Sogn og Fjordane fylkeskommune to gonger, første gong vart det gjeve avslag på søknad om fråvik. I det siste vedtaket frå fylkeskommunen som er gjort med bakgrunn i ny dokumentasjon heiter det:

«I brev av 09.08.2016 tilrådde Statens vegvesen at det ikkje vart gjeve fråvik frå venstresvingefelt. Dette hadde ikkje fylkeskommunen merknader til og godkjente ikkje søknad om fråvik. Statens vegvesen har no sett på saka på nytt m.a. med utgangspunkt i at saka har vore til 3. gongs mekling hjå fylkesmannen og at Asplan Viak AS har gjennomført ei ny trafikkanalyse. Fråviksnemnda i Statens vegvesen har handsama fråviket til venstresvingefelt på nytt.

Fråviksnemnda meiner, sjølv om det er gjort reduksjon i utbygginga og gjennomført nye trafikkanalyser, at det framleis er krav til venstresvingefelt i krysset. Manglande venstresvingefelt vil kunne meføre redusert avvikling i krysset. Ulempene vil likevel vere avgrensa. Fråviksnemnda tilrår at det vert gjeve fråvik. Fylkesdirektøren for samferdsle har vurdert dei nye opplysningane i saka og fråviksnemnda si endra tilråding. Fylkesdirektøren har ikkje merknader til dette og gjer vedtak om at fråviket vert godkjent.»

Berørte grunneigarar vart tilskrive i brev datert 26.06.2017 om at kryssløysinga var godkjent av fråviksnemnda og at områdereguleringsplanen skulle opp til handsaming i kommunen.

Som følgje av dette vedtaket har Flora kommune endra føresegene til områdereguleringsplanen for å tilpasse dei til føresetandane for trafikkvurderinga og krava til utbyggingsrekkefølge, slik at

rekkefølgekravet i punkt 4.1 Infrastruktur no har slik ordlyd:

"Det kan ikkje gjevast bruksløyve for nye bustader i bustadområde før tilkomstvegane til dei enkelte eigedomene er opparbeidd i samsvar med planane. Bustadbygging kan likevel skje ved bruk av regulerte traséar med anleggsvegstandard.

Rundkøyning kan erstattast med T-kryss. Rundkøyning skal vere på plass seinast før det blir gitt bruksløyve til skulebygget. Før det kan startast utbygging av o_BU1 og o_BU2 (omtala som byggetrinn 3 i trafikkvurdering datert 15.02.2017 av Asplan Viak) skal det startast ein planprosess etter Plan- og bygningslova for å legge til rette for etablering av venstresvingefelt i krysset mellom fv. 545 og kommunal tilkomstveg til byggeområde BBB1, BU1-2, BBH1, BFS2, BKS1-4 og BKS6. Statens Vegvesen sine gjeldande vegnormalar skal leggjast til grunn for planforslaget. Før talet på barnehageplassar kan aukast utover 120 plassar og før det kan gjevast bruksløyve etter Plan- og bygningslova § 21-10 for bygg- og anlegg innanfor områda o_BU1 og o_BU2, skal krysset vere ferdig opparbeidd med venstresvingefelt i samsvar med utarbeidd reguleringsplan for krysset."

Rekkefølgekravet er vidare presisert i føresegene punkt 5.5, andre punktum:

"...Inntil det er etablert venstresvingefelt i krysset mot Havrenesvegen, jfr rekkefølgekrav punkt 4.1 kan det leggjast til rette for inntil 120 barnehageplassar innafor området, tal på plassar skal dokumenterast i søknad om byggjeløyve...."

I vedlagte føresegener er ny tekst markert med raud farge.

På grunnlag av nye trafikkvurderingar utarbeidd av Asplan Viak, redusert utbyggingsvolum innan planområdet, ny intern vurdering og fråvikshandsaming, og revidert planforslag trekkjer Statens Vegvesen motsegn knytt til forslag om reguleringsplan for Knapstadmarka i brev datert 22.08.2017.

Flora kommune kan såleis godkjenne den delen av områdereguleringsplanen som har vore tekt ut av godkjenninga på grunn av motsegn.

Vurdering:

Statens Vegvesen har trekt motsegna mot områdereguleringsplanen, på vilkår av dei omtalte endringane i føresegene vert vedtekne. Administrasjonen har ikkje merknadar til dette, og rår til at planen vert godkjent slik den no ligg føre.

Økonomiske konsekvensar:

Dette er vurdert tidlegare i vedtaksprosessen for planen.

Miljømessige konsekvensar:

Dette er vurdert tidlegare i vedtaksprosessen for planen.



FLORA
KOMMUNE

Vedlegg:

Områdereguleringsplan Knapstadmarka 05.07.2017 Rev.C (L)(566691)

Foresegner_endra09082017

Flora kommune - reguleringsplan for Knapstadmarka

Trafikkvurdering av nytt T-kryss ved Knapstadmarka. Revisjon